


VERANDA, BALKONG, TERRASSE

Søknad sendast til:

Sogndal kommune**Postboks 153****6851 SOGNDAL****ByggSøk**

Det vert tilrådd at ein nyttar nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får informasjon om utfylling undervegs. Ved å nytte ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Kva er søknadspliktig?

- A. Terrasse med høgd inntil 0,5 m over terreng og avstand til nabogrense minst 4 m er ikkje søknadspliktig.
- B. Søknad om oppføring av veranda/balkong/terrasse med bebygd areal (BYA) på inntil 50 m² som tilbygg, eller 70 m² frittliggjande, kan sendast inn av tiltakshavar, som då sjølv er ansvarleg for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) med forskrifter.
- C. Søknad om større veranda/balkong/terrasse må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkar, evt. tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggar.

Komplett søknad i 1 eksemplar etter pbl § 20-2 (jf. pkt. B ovanfor) skal innehalde:

Søknadsblankett Blanketten vert fylt ut slik at han viser korleis tiltaket tilfredstiller krav i plan- og bygningslov, forskrifter og reguleringsplan	NBR nr. 5153*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal varslast. Søknaden kan/bør ikkje sendast inn før fristen for nabomerknader er utgått.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet.	
Situasjonsplan Kartet må være av ny dato og bestillast hjå kommunen.	
Teikningar og evt. skildring som viser korleis tiltaket tilfredstiller krav i plan- og bygningslov, forskrifter og reguleringsplan. Teikningane skal være i målestokk, f. eks. M 1:100, av plan og fasadar.	
Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd ein grunnlagt søknad, jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftlig samtykke frå aktuell nabo.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Sjå neste side



VERANDA, BALKONG, TERRASSE**Komplett søknad i 1 eksemplar etter pbl § 20-1 (jf. pkt. C ovanfor) skal innehalde:**

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar	NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5159* og 5160*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal varslast Søknaden kan/bør ikkje sendast inn før fristen for nabomerknader er utgått.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet.	
Situasjonsplan Kartet må være av ny dato og vert tinga hjå kommunen.	
Teikningar (planar, snitt og fasadar i målestokk f. eks. M 1:100 og dokumentasjon av estetisk tilpassing)	
Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. Kontrollerande med relevant dokumentasjon.	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklassar, kontrollområder, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Uttale eller avgjersle frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon* Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd ein grunnlagt søknad, jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Når kan arbeide ta til?

Arbeida kan settast i gang 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke:

- Arbeida er i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligare løyver, samtykkje eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er ivareteke, kan arbeida ikkje settast i gang før det ligg føre skriftlig løyve frå kommunen. Ein tilrår at ein tek kontakt med kommunen før arbeidet tek til.

Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest.

